

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Organisasjon

Orgnr 973112635

Namn på verksemd Vestland Bondelag

Adresse Kokstadflaten 36

Postnummer/-stad 5257 Kokstad

Kontaktperson

Namn Eivind Skår

Telefon 98037078

E-post eivind.skar@bondelaget.no

Enhet i virksomheten Vestland Bondelag

Innspel

2. Plantema

#Vi vil gjerne påpeike at det er noko uklart i utkastet til planprogram korleis ein vil arbeide med jordbruk i prosessen fram mot plan, og ber om ei tydeleggjering av dette. I innspelsmøte 9. september fekk vi forståing for at Temaplan Landbruk høyrer inn under regional plan for areal og mobilitet, men at det vil være ein overlapp også med regional plan for verdiskaping og kompetanse. Landbruk er eit særst bredt felt som strekker seg på tvers av ulike sektorar. Landbruket blir berørt av og berører sjølv både transport, utdanning, kompetanse, klima, areal, verdiskaping, næring, naturmangfald, vassforvaltning og mykje meir. Vi har derfor forståing for at det er vanskeleg å avgrense landbruk i eit planhierarki. Vi ber om at dette blir adressert i det vidare arbeidet med planprogrammet.

2.2 Regionsenter og transportkultur

Kriterier regionsenter
Ingenting å bemerke.

Kriterier kommunekategoriar

Det kan være formålsteneleg å ta med næringsstruktur som eit kriterium. Til dømes vil ein desentralisert næringsstruktur (som jordbruk) eller sentralisert næringsstruktur (få, men store hjørnesteinsbedrifter) ha noko å seie for både arealutvikling/arealkonfliktar og kva transportbehov kommunen har. Dei fleste kommunar vil ha innslag av begge strukturar, med ulik balanse.

2.3 Berekraftig arealforvaltning

#Landbruk er drift og forvaltning av areal bygd opp gjennom generasjonar. Arealkonfliktar mellom omsyn til jordbruk og andre omsyn som bustadbygging, industri, infrastruktur og annan næring. Vi understrekar at jordvern må stå sterk i alle kommunar – både der det er lite arealpress, og der det er høg befolkningstettleik og høgt konfliktnivå.

Vestland Bondelag ber særleg om at dette blir tatt med i det vidare arbeidet med planprogrammet:

- Berekraftig arealbruk – priorisering av jordbruksareal og dykra mark ved spørsmål om omdisponering av areal.
- Fokus på strengt jordvern som leiande norm.
- Bruk av hensynssonar for landbruk i arealplanverk.
- Tilrettelegging for drift av jordbruksareal.

2.4 Mobilitet og transport

#Landbruket er avhengig av føreseielege og trygge transportårer for å levere mjølk, kjøt, frukt og andre landbruksprodukter. Ein er avhengig av god framkomst for lastebilar og dyretransport med vegar som er dimensjonert for tung transport. Bondelaget vil også påpeike at fylkeskommunen må ta omsyn til traktorar med tvillingdekk når ein byggjer eller vedlikeheldt veg. Til dømes vil smal veg med betongmurar være til hinder for framkomme. Vestlandsgarden er lang med slåtteareal og beiter spredt over større områder. Det betyr at bonden ofte vil være avhengig av å kunne køyre med traktor og reiskap på offentleg veg.

Vestland Bondelag ber om at ein tek omsyn til dei særskilte behova til landbruket i det vidare arbeidet med planprogrammet. Viktige omsyn for landbruket er mellom anna:

- Sikre enkel og oversiktilig tilgang til landbruksareal ved opprustning eller nyetablering av veg.
- Ta omsyn til behov for tungtransport (mjølkebil, dyretransport, traktor m/utstyr) dersom veg blir vurdert nedklassifisert
- Ta omsyn til særskilte behov i landbruket når veg skal planleggast